

Referat frå møte i fagleg brukarråd språk og tale

Dato/Stad: 18. mars 2021 kl. 12.30-14.00/Videomøte

Deltakarar:

Brukarrepresentantar:

Guro Bergseth Dysleksi Norge
Gabriella J. Ottesen Leppe-ganespalteforeningen
Ciel Waagenes Udbjerg Norsk interesseforening for stamming og løpsk tale (NIFS)

Frå Statped:

Terje Andreas Malin møteleiar og leiar språk og tale region nord
Magne-Bjarte Hatlem referent og koordinator for leiarnettverk språk og tale

Forfall:

Elin Langdahl Handikappedes Barns Foreldreforening (HBF)
Hogne Jensen Afasiforbundet Norge

Godkjenning av sakliste

Saker til behandling

Sak:	
05/2021	Orienteringar frå brukarorganisasjonane <ul style="list-style-type: none">- Dysleksi Norge har lansert ny nettsida. Satsar på å få gjennomført fysisk årsmøte. Planlegg årets sommarleir for ungdom og helgesamling for vaksne. Den årlege perspektivkonferansen har dyskalkuli som er tema. Dei vil satse vidare på yoga-meistringskurs for ungdom, etter gode erfaringar med dette. Har fått gode tilbakemeldingar på dei digitale kursa dei har gjennomført, og vil derfor satse vidare på det.- Leppe-ganespalteforeningen har hatt jamleg digitale styremøter, sist den 14. mars. Elles har dei hatt lite aktivitet. Har jobba med ein ide om å kunne gjennomføre webinar der spalteteamet kunne bidratt inn. Landsmøte er utsett til 5. juni, med håp om at ein kan arrangere det fysisk. I år vil dei droppe familiesamlinga som dei pleier å ha samtidig grunna situasjonen. Vidare har dei levert innspel til helse rapporten. Har utsett fellessamling med den danske interesseorganisasjonen.- NIFS har fått nytt styre. Styret held kontakt på mail og videomøte, og planlegg fysisk møte i juni og oktober.. Dei har som mål å utvikle bruken Facebook som supplement til nettstaden. Vidare planlegg dei familiehelg på Lillehammer i juni og ei haustsamling i oktober på Gardermoen. Dei har og planar om å oversette ei engelsk bok om løpsk tale.



06/2021	<p>Informasjon frå Statped</p> <ul style="list-style-type: none">- Nytt mandat <p>Statped skal bli mindre i omfang og rettast inn mot færre, mens kommunane vil få eit større ansvar. Kompetanseløftet er sentralt i dette skiftet. Statped skal støtte kommunane i høve barn med varige og omfattande behov for tilrettelegging på områda syn, høyrsel, erverva hjerneskade, kombinerte sansetap og døvblindheit, teiknspråk og alternativ og supplerande kommunikasjon. Statped kan i tillegg gi tenester i særleg komplekse saker innanfor fagområda samansette lærevanskar og språk/talevanskar. Statped skal gi tenester og kompetanse med lik kvalitet og lik tilgang i heile landet. Tidlegare skulle Statped tilpasse sine tenester til ut frå kva kommunane kunne tilby.</p> <p>Kompetanseløftet er oppbygginga av den kommunale spesialpedagogiske kompetansen i perioden fram til 2025. Statped bidreg som drøftingspart for å kartlegge behov og tiltak i kommunane. Det er universiteta og høgskulane som er den primære kompetansetilbydaren.</p> <p>Fagleg brukarråd er spent på resultatet av Kompetanseløftet. Dysleksi Norge er bekymra for at Statped skal spele ei mindre rolle i framtida, dei opplever at kunnskapen er for liten lokalt. Derfor set dei stor pris på Spør oss der foreldre opplever å få gode svar når dei ringer inn.</p>
07/2021	<p>Har brukarrådet innspel til innhaldet på statped.no?</p> <p>Statped har siste året jobba mykje med å utvikle statped.no som ressurs. Fagleg brukarråd synes sidene på språk og taleområdet er tilgjengelege og har godt innhald. Har dei ytterlegare innspel kan desse sendast på e-post til Anne Grethe Hellerud.</p> <p>Dysleksi Norge ønsker å høyre kva Statped meinerom omgrepa til Nyborg, vi nyttar «begrepslæring» som Dysleksi Norge opplever som forskjellig frå måten vi brukar det. Statped skal ta med spørsmålet til fagnettverket vårt.</p>
	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none">- Den årlege Statpedkonferansen går 23. og 24. mars og er i år digital og gratis (sjå opptak frå konferansen her).-

